



Kommunane i Møre og Romsdal

Molde 23. juni 2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Snarveggar og kartlegging av desse

Forum for Natur og Friluftsliv arbeider mellom anna for at fleire skal sykle, gå og reise kollektivt og at tal bilreiser skal ned. Det er eit uttalt mål frå sentrale myndigheiter å redusere biltrafikken i norske byar, noko som også er i tråd med våre nasjonale og internasjonale klimamål.

Snarvegane er noko av det viktigaste i transportsystemet i byar og tettstader. Vi meiner at det er viktig å ta vare på snarvegane. Det er difor viktig i første fase å kartleggje desse snarvegane slik at vi alle blir merksame på desse.

I fjor tok vi difor kontakt med lokallaget i Naturvernforbundet i Molde for å høyre om dei kunne kartleggje snarvegane i Molde by. I vinter/vår har lokallaget kartlagt 349 snarveger i Molde by. Resultatet er framstilt ved eit snarvegkart og ein rapport. Begge finn du på denne nettsida; <https://naturvernforbundet.no/moreogromsdal/naturvernforbundet-i-molde/naturvernforbundet-i-molde-har-kartlagt-snarveger-article41971-1691.html>.

Vi meiner å sjå at dette arbeidet kan bidra til ein tryggare skoleveg og ein trivelegare veg til skule og aktivitet. Vidare er kartlegging av snarvegane noko som kan inngå som ein del av arbeidet med «Plan for friluftslivets ferdelsårer» som no starta opp i kommunane.

FNF Møre og Romsdal vil med dette informere om snarvegprosjektet i Molde by og oppmode kommunane om å kartleggje snarvegane sine. Vi meiner at ei slik kartleggjing er nødvendig for å ta vare på snarvegane til beste for miljøet og folkehelsa.

Helsing

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren